

Referat frå styremøte nr. 5-2019

Dato: Fredag 22.11.19

Tid: 13.30-16.00

Stad: Storfjord Hotel på Glomset

Til stades frå styret:

Styreleiar Jan Ove Tryggestad (ordfører i Stranda Kommune)

Nestleiar Vebjørn Krogsæter (ordfører i Haram kommune)

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Dag Olav Tennfjord (ordfører i Skodje kommune)

Styremedlem Eva Hove (ordfører i Stordal kommune)

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes (rådmann i Ørskog kommune)

1.vara rådmenn May-Helen Molvær Grimstad (rådmann i Sykkylven kommune)

Frå administrasjonen:

Rådgivar Vegard Austnes

Pedagogisk koordinator Nils Magne Abelseth

Utviklingsveileder Torunn Måseide

Prosjektleiar energieffektivisering Einar Haram

Forfall:

Styremedlem Anders Chr. Nørve (ass. rådmann i Herøy kommune)

Dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal

Andre til stades:

Egil Romslo Schistad, lege på Ålesund sjukehus og ein av initiativtakarane bak «Ring i bjella»-aksjonen (sak 33/2019)

Oluf Herlofsen, overlege ved kreftavdelinga på Ålesund sjukehus (sak 33/2019)

Ole Kristian Arntsen, økonomisjef i Ålesund kommune (sak 34/2019)

Referent: Vegard Austnes

Sak 31/2019: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Styreleiar ønskte velkomen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Sak til eventuelt var orientering frå styremedlem Dag Olav Tennfjord om arbeidet for nytt soningssenter på Sunnmøre.

Sak 32/2019: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 27. september 2019 (nr. 4 - 2019)

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå styremøte nr. 4-2019 vart godkjend.

Sak 33/2019: Orientering om PCI og PET

Seksjonsoverlege ved kreftavdelinga på Ålesund sjukehus Oluf Herlofsen orienterte om PET-scan. Lege på Ålesund sjukehus Egil Romslo Schistad orienterte om PCI-senter.

Bakgrunnen for saka var at Sunnmøre Regionråd hadde bedt om ei orientering om PET-scan og PCI-senter.

Herlofsen argumenterte for at det bør etablerast PET-scan ved Ålesund sjukehus. PET-scan er ein diagnostisk metode. Hovudbruksområdet er kreftfeltet. PET-scan inneber vesentleg forbetring i høve til behandlingsval og påverknad på prognose.

Helsetilbodet når det gjeld PET er ikkje likeverdig. Ålesund sjukehus er eitt av få sentralsjukehus i Noreg som ikkje har PET. PET-scan ved Ålesund sjukehus vil gi kortare reisetid og ventetid for pasientar.

Utfordringa er økonomien til Helse Møre og Romsdal og manglande investeringar i medisinteknisk utstyr. Kostnaden ved kjøp av PET-scan er 25 millionar kroner. Dersom sporstoffet kan produserast lokalt vil det koste mindre å drifte PET-scan ved Ålesund sjukehus enn å sende pasientar til St. Olavs Hospital.

Schistad argumenterte for at det bør etablerast eit PCI-senter ved Ålesund sjukehus. I staden for å nytte trombolyse (blodproppløysande medisin) som i dag ønskjer ein primær PCI, dvs. akutt utblokking, ved Ålesund sjukehus. Ein føresetnad for å gjere akutt utblokking er at pasienten kjem til sjukehuset innan 90-120 minutt. St. Olavs Hospital er for langt unna for primær PCI.

Schistad har hevda at pasientgrunlaget å etablere PCI-senter ved Ålesund sjukehus er stort nok, [jf. lesarinnlegg i Sunnmørsposten 14. oktober 2019.](#)

[Foreninga Sjukehuset Vårt](#) er etablert med ønske om å samle inn midlar (frå kommunar, bedrifter, foreningar, lag og enkeltpersonar) til utvikling av helsetilbodet ved Ålesund sjukehus. Første mål er PET-skannar.

Styret drøfta om Sunnmøre Regionråd kan ta ein tverrpolitisk dugnad for PET-scan og PCI-senter ved Ålesund sjukehus. Sunnmøre Regionråd vil arbeide vidare med dette på samlinga med ordførar,- rådmanns- og representantskapsmøte 28.-29. november 2019 i Ulsteinvik.

Sak 34/2019: Budsjett 2020

Ved rådgivar Vegard Austnes

Administrasjonen sitt forslag til budsjett for 2020 var sendt til styret før møtet.

Austnes presenterte forslaget i møtet. Budsjettet er delt inn i 5 prosjekt: 1000 Generell drift, 1090 Skole og barnehageutvikling, 1130 Energiøkonomisering, 1160 Samhandlingsreforma og 1260 Sunnmøre soningscenter.

Budsjettet legg til grunn ei oppjustering av driftstilskotet (jf. [selskapsavtalen § 4](#)) frå kommunane med 3,1 % frå 2019 til 2020. Oppjusteringa er lik kommunal deflator (anslag samla pris- og lønsvekst) i framlegget til statsbudsjett for 2020. Det er altså ikkje lagt opp til nokon realvekst i kommunalt driftstilskot frå deltakarkommunane til regionrådet.

Budsjettet legg opp til framhald av 5 100% stillingar i administrasjonen i 2020. Av dei 5 stillingane er 2 stillingar (dagleg leiar og rådgivar) knytt til prosjekt 1000 Generell drift, som vert finansiert med driftstilskotet frå kommunane.

2 stillingar (pedagogisk koordinator og utviklingsrettleiar) er knytt til prosjektet 1190 Skule- og barnehageutvikling, medan 1 stilling (prosjektleder) er knytt til prosjektet 1130 Energiøkonomisering. Desse prosjekta vert finansiert med prosjektmidlar.

Vedtak: Styret godkjenner budsjettet. Budsjettet vert lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

Sak 35/2019: Sunnmøre Regionråd som partner i FN Smart City Lab og The North West

Ved rådgivar Vegard Austnes

Austnes orienterte styret om at administrasjonen er i dialog både med FN Smart City Lab og The North West om partnerskap. Han bad om signal frå styret på dette.

Styret ga tilbakemelding om at det er viktig at regionrådet deltek som partner, og at ein må sjå på relevante samarbeidsprosjekt.

Sak 36/2019: Orientering om samling 28.-29. november 2019 i Ulsteinvik med ordfører-, rådmanns- og representantskapsmøte

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

28.-29. november 2019 vert det samling i Ulsteinvik med møte for ordførarar og rådmenn og representantskapsmøte. Temaet for for samlinga er samarbeid mellom kommunar og næringsliv. Programmet for samlinga finn ein [her](#).

Sak 37/2019: Nytt soningscenter på Sunnmøre

Sak til eventuelt var orientering frå styremedlem Dag Olav Tennfjord om arbeidet for nytt soningscenter på Sunnmøre.

Prosjektet om nytt soningscenter på Sunnmøre ønskjer å kjøpe konsulenthjelp for rådgjeving om vidare prosess.

Det kom synspunkt frå styret om at Sunnmøre Regionråd må stå i spissen for det vidare arbeidet med nytt soningscenter på Sunnmøre då dette først og fremst er ei politisk sak. Det vart sagt at Sunnmøre Regionråd skal ha kompetanse til å arbeide med dette sjølv. Samstundes kom det synspunkt frå styret om at dette er ei sak som regionrådet har arbeidd mykje med.

Det vart sagt frå styret at dersom ein skal kjøpe konsulenthjelp, så må ein forholde seg til kor stor del av andel av planleggingsmidlane frå fylkeskommunen som kan nyttast til dette.

Styret var samd om at Sunnmøre Regionråd må formulere merknad til Justiskomiteen si innstilling til Statsbudsjettet 2020 (komiteen sin frist for å avgi innstilling er 5. desember 2019), og be om pengar til planleggingsarbeid for nytt soningscenter på Sunnmøre.